



Føretaket sitt org.nr.: 951549770

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kongsvinger, 2. august 2017
Vår ref.: 17/92
Avdeling for datafangst og metode

Vedtak om tvangsmulkt - Ledige stillingar 2. kvartal 2017

Opplysningar manglar framleis

Fristen for å sende inn opplysningar gjekk ut 21. juni 2017. Dersom opplysningane er sendt inn i løpet av dei siste dagane, sjå bort frå denne førespurnaden. Verksemda/verksemdene som det manglar opplysningar for, er lista opp på baksida av brevet.

Med heimel i statistikklova § 2-3 jf. kapittel 3 i statistikklovforskrifta, har SSB gjort vedtak om å påleggje føretaket **ei tvangsmulkt på 3075,- kroner** for ikkje å ha overhalde opplysningsplikta til undersøking om Ledige stillingar 2. kvartal 2017. Sjå informasjon på baksida av brevet, der det står meir om heimel for å pålegge opplysningsplikt og retten til å klage på vedtaket.

Unngå mulkt

Dersom SSB tek imot opplysningane frå verksemda/verksemdene som er lista opp på baksida av brevet, **innan 16. august 2017**, blir ikkje vedtaket sett i verk, og tvangsmulkta på 3075,- kroner fell bort. Blir ikkje opplysningane sendt innan denne fristen, sender SSB saka til Statens innkreivingsentral, slik at beløpet kan krevjast inn, eventuelt med tvang. Betaling av tvangsmulkta frittek *ikkje* for plikta til å sende inn opplysningar.


Send opplysningane over Internett

De skal sende opplysningane over Internett via innrapporteringskanalen Altinn. Dette er ein sikker måte å rapportere på, og du vil få ei kvittering som viser at opplysningane er innsende. Logg inn på www.altinn.no, og vel frå nedtrekkslista i Min meldingsboks den aktøren du skal representere. Merk at du må ha fått tildelt ei riktig rolle i Altinn som gir deg rett til å svare på skjemaet. Oppstår det problem, sjå Hjelp på www.altinn.no eller ta kontakt med Altinn brukarservice på 75 00 60 00.

Spørsmål?

Svartenesta er open alle kvardagar mellom kl. 09.00 og 15.00 og nås på e-post ledstill@ssb.no eller på 62 88 51 90. Husk å oppgi organisasjonsnummeret til føretaket ved spørsmål til SSB.

Med helsing


Christine Meyer
administrerende direktør


Anne Sundvoll
seksjonssjef

Meir informasjon på baksida

Opplysningsplikt

Vi viser til tidlegare vedtak om opplysningsplikt. SSB samlar inn opplysningane med heimel i statistikklova § 2-2. Ifølge statistikklova § 2-3 har SSB myndigheit til å påleggje dei føretaka som ikkje rapporterer opplysningar innan ein oppgitt frist, tvangsmulkt.

Meld frå om endringar

Dersom føretaket har endra namn, næring (verksemd/aktivitet) eller adresse, må de melde dette ved bruk av *samordna registermelding*. Meir informasjon finst på www.brreg.no.

NB! Skulle ei verksemd ha vore ute av drift i heile eller delar av den perioden vi ber om opplysningar for, skal dette rapporterast via SSBs webskjema i Altinn.

Heimelsgrunnlag og klagerett

Statistisk sentralbyrå hentar inn opplysningar med heimel i *lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå (statistikkloven) av 16. juni 1989 nr. 54 § 2-2*.

Statistisk sentralbyrå har gjort avtale med Statens innkrevingssentral om innkrevjing av tvangsmulkt, jf. statistikklova § 2-3. Mulktar som ikkje blir betalt, kan krevjast inn ved tvang i samsvar med reglane i *lov om tvangsfullbyrdelse av 26. juni 1992 nr. 86*. Kostnader i denne samanhengen vil bli pålagde den opplysningspliktige, jf. tvangsfullføringslova § 3-1.

De kan klage på vedtaket om tvangsmulkt etter reglane i forvaltningslova, kapittel VI. Dette gjeld også seinare vedtak om avvisning av klage. Desse reglane må følgjast dersom de skal klage:

- De må rette klagen på vedtaket til Finansdepartementet, som er klageinstans. Klagen skal sendast til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukerkontakt, 2225 Kongsvinger. Klagen må vere skriftleg.
- Fristen for å klage er 3 – tre – veker frå det tidspunktet vedtaket om tvangsmulkt er teke imot. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan utløpet av klagefristen.
- Ifølge § 29 i forvaltningslova kan klagefristen forlengast i særlege tilfelle. Ein klage som er sendt inn for seint, kan ifølge § 31 likevel bli behandla dersom den opplysningspliktige i klagen gjer sannsynleg at vedkomande ikkje kan lastast for overskridinga av tidsfristen, eller at det av særlege årsaker er rimeleg at klagen blir prøvd.
- I ein klage må det gå fram kva for statistisk undersøking det gjeld, og kven den opplysningspliktige er. De må også grunngje klagen, og andre opplysningar som kan vere viktige for vurderinga av klagen, bør også takast med. Klagen må vere underteikna av den opplysningspliktige eller ein annan person med fullmakt. Ver vennleg å oppgi føretaket sitt organisasjonsnummer.

Søknad om ettergiving: I særlege tilfelle, der det ligg føre særse sterke grunnar, kan Statistisk sentralbyrå ettergi tvangsmulkt heilt eller delvis. Føresetnaden er at det ligg føre særlege og dokumenterte grunnar. Skriftleg søknad skal sendast til Statistisk sentralbyrå, Seksjon for brukerkontakt, 2225 Kongsvinger.

Vedtak om tvangsmulkt gjeld manglande opplysningar for desse verksemdene: Alle føretak har ei eller fleire verksemdar. Kvar verksemd er registrert med eit eige organisasjonsnummer. Når rapporteringseininga er verksemd, er det dette nummeret som nyttast:

Orgnr.	Namn	Avdeling	Adresse
914408954	MELAND KOMMUNE ROSSLAND SFO		Skintveitvegen 11
974586177	MELAND KOMMUNE PLAN UTBYGGING		5918 FREKHAUG